



Nissedal kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Ordførarkontoret, Kommunehuset
Dato: 13.06.2019
Tidspunkt: 08:30 – 12:40

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP/KRF
Geir Christian Enger	Varaordførar	AP/KRF
Runa Vee Tveit	Medlem	AP/KRF
Ian Parry-Jones	Medlem	SP/H

Følgjande medlemmer møte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
Kristine Sandall	MEDL	SP/H

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Stein Skåli	Kristine Sandall	SP/H

Følgjande frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Sveinung Seljås	Plansjef (sakene 67, 68 og 70)
Jan Arvid Setane	Kommunalsjef samfunn og utvikling (sak 73)

Frå saksnr.: 67/19

Til saksnr.: 76/19

Halvor Homme
ordførar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 67/19	N - 38/599 - Felehovet nord 358 - Byggesøknad - fritidsbustad - godkjenning - klage	
PS 68/19	N - 40/2 - Skåli - Oppføring av utleigehytte til erstatning for skogskoie til nedfalls - dispensasjon	
PS 69/19	N - Søknad om konsesjon for å erverve landbrukseigedomen - 15/1 - Tveitane	
PS 70/19	N - 8/1/43 - Framnes 19 - Deling i strid med reg.plan - dispensasjon	
PS 71/19	N - Søknad om konsesjon for kjøpet av bustadeigedomen - 33/46 - Landvik 14	
PS 72/19	N - Rullering av kommuneplanen - fastsetjing av planprogram	
PS 73/19	Renovering/ny brannstasjon - handtering av avvik frå arbeidstilsynet	
PS 74/19	Kommunalt tilskot til prosjektet "Nyskapande vekst i Nissedal"	
PS 75/19	Søknad om økonomisk bidrag til hyttemessa i Sandefjord sept. 2019	
PS 76/19	Referat- og drøftingssaker	

Saker til behandling

PS 67/19 N - 38/599 - Felehovet nord 358 - Byggesøknad - fritidsbustad - godkjenning - klage

Partane vil ha klagerett på det nye vedtaket.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap tek klaga på byggeløyvet gitt i delegert sak 052/19 delvis til fylgje. Vilkåret for byggeløyvet, pkt. 2. får endra ordlyd til:
Stikkveg/parkering skal ha avstand minimum 4,00 meter frå nabogrense.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Formannskapet var på synfaring.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap tek klaga på byggeløyvet gitt i delegert sak 052/19 delvis til fylgje. Vilkåret for byggeløyvet, pkt. 2. får endra ordlyd til:
Stikkveg/parkering skal ha avstand minimum 4,00 meter frå nabogrense.

PS 68/19 N - 40/2 - Skåli - Oppføring av utleigehytte til erstatning for skogskoie til nedfalls - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for bygging av eit nytt bygg for overnatting på staden omlag der den nedfalne Eikelihytta har stått. Bygget kan byggast med inntil 45 m2 BYA. Det kan i tillegg oppførast uthus/bod på inntil 15 m2 BYA. Bygget får i matrikkelen byggkode 524, *utleigehytte*, og blir eige skatteobjekt for kommunal eigedomsskatt.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Stein Skåli ba om å få vurdert sin habilitet. Formannskapet fann Skåli samrøystes ugild i å vere med på å handsame saka.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for bygging av eit nytt bygg for overnatting på staden omlag der den nedfalne Eikelihytta har stått. Bygget kan byggast med inntil 45 m2 BYA. Det kan i tillegg oppførast uthus/bod på inntil 15 m2 BYA.

Bygget får i matrikkelen byggkode 524, *utleiehytte*, og blir eige skatteobjekt for kommunal eiedomsskatt.

PS 69/19 N - Søknad om konsesjon for å erverve landbrukseigedomen - 15/1 - Tveitane

Vi har ikkje grunn til å nekte konsesjon. Vi bør gi konsesjon med vilkår om fem års personleg buplikt for søkerane på Grimstveit øvre 12/1 for å oppfylle busettingsomsynet og i samsvar med vanleg praksis.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir konsesjon til Ian Parry-Jones og Lene Cecilie Hellum for å kjøpe landbrukseigedomen Tveitane 15/1 som tilleggsareal til Grimstveit øvre 12/1. Det er eit vilkår at dei blir buande på Grimstveit øvre i fem år rekna frå skøytet blir tinglyst.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §§9 og 11 og delegert mynde til kommunen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Ian Perry-Jones ba om å få vurdert sin habilitet. Formannskapet fan samrøystes Perry-Jones ugild i å vere med på å handsame saka.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir konsesjon til Ian Parry-Jones og Lene Cecilie Hellum for å kjøpe landbrukseigedomen Tveitane 15/1 som tilleggsareal til Grimstveit øvre 12/1. Det er eit vilkår at dei blir buande på Grimstveit øvre i fem år rekna frå skøytet blir tinglyst.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §§9 og 11 og delegert mynde til kommunen.

PS 70/19 N - 8/1/43 - Framnes 19 - Deling i strid med reg.plan - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå vedtatt tomteinndeling i reguleringsplanen *Framnes øvre*, for ei grensejustering av festetomt g/b/fnr. 8/1/43.

Dispensasjonen er gitt på vilkår av at grensejusteringa mot tomt C2 blir avgrensa til ei parallellforskyving av eksisterande grense mot vest med inntil 5,00 m.

Er det ønskjeleg, kan tomtearealet for festetomta, 1172 m², oppretthaldast ved annan justering av grensa i sør enn kva det er søkt om.

Formannskapet gir i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for ei frådelling i samsvar med dispensasjonsvedtaket over.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå vedtatt tomteinnending i reguleringsplanen *Framnes øvre*, for ei grensejustering av festetomt g/b/fnr. 8/1/43. Dispensasjonen er gitt på vilkår av at grensejusteringa mot tomt C2 blir avgrensa til ei parallellforskyving av eksisterande grense mot vest med inntil 5,00 m. Er det ønskjeleg, kan tomtearealet for festetomta, 1172 m², oppretthaldast ved annan justering av grensa i sør enn kva det er søkt om. Formannskapet gir i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for ei frådelling i samsvar med dispensasjonsvedtaket over.

PS 71/19 N - Søknad om konsesjon for kjøpet av bustadeigedomen - 33/46 - Landvik 14

Vi bør gi konsesjon med vilkår om at eigedomen blir tatt i bruk som heilårs bustad innan sommaren 2023. Det er ikkje nokon grunn til å nekte dette.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir konsesjon til Ingvar og Vigdis Rekvik Standal for kjøpet av bustadeigedomen 33/46, adresse Landvik 14, på vilkår av at eigedomen blir tatt i bruk som heilårs bustad innan 31.07.2023.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §§10 og 11.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap gir konsesjon til Ingvar og Vigdis Rekvik Standal for kjøpet av bustadeigedomen 33/46, adresse Landvik 14, på vilkår av at eigedomen blir tatt i bruk som heilårs bustad innan 31.07.2023.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §§10 og 11.

PS 72/19 N - Rullering av kommuneplanen - fastsetjing av planprogram

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre fastsett i medhald av pbl § 11-13, det framlagte utkastet til planprogram, med dei endringane som er skissert i saksframstillinga, som planprogram for rulleringa i 2019/20 av kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel.

Fastsett planprogram blir annonsert og lagt ut på kommunens heimeside.

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne arbeidsgrupper innom avgrensa tema, fagfelt eller geografiske område i den grad det synest føremålstenleg for framdrifta av planprosessen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Tilleggsframlegg frå SP:

Nytt kulepunkt under 4.1: Forureiningsforskrifta

Redaksjonelt endringsframlegg frå SP

Punkt 5.1.5: (...) Sikre nok kvalifisert arbeidskraft innan helse- og omsorgstenestene.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding med tilleggsframlegg og redaksjonelle endringsframlegg.

Vedtak

Nissedal kommunestyre fastsett i medhald av pbl § 11-13, det framlagte utkastet til planprogram, med dei endringane som er skissert i saksframstillinga, som planprogram for rulleringa i 2019/20 av kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel.

Fastsett planprogram blir annonsert og lagt ut på kommunens heimeside.

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne arbeidsgrupper innom avgrensa tema, fagfelt eller geografiske område i den grad det synest føremålstenleg for framdrifta av planprosessen.

PS 73/19 Renovering/ny brannstasjon - handtering av avvik frå arbeidstilsynet

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre gjev prosjekterings- og byggenemnda i mandat å greie ut framtidig løysing av kombinert bygg for brannstasjon og teknisk uteavdeling.

Nemnda legg fram si tilråding for kommunestyret seinast i 2.møte etter ferien.

Det vert løyva kr 100.000 eks.mva til ekstern bistand.

Budsjettskjema 2A endrast slik:	Investeringar i anleggsmiddel	+	125.000
	Bruk av lånemidlar	-	100.000
	Kompensasjon for meirverdiavgift	-	25.000
Budsjettskjema 2B endrast slik:			
Nytt prosjekt:	Forprosjekt – renovering/ny brannstasjon	+	125.000

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre gjev prosjekterings- og byggenemnda i mandat å greie ut framtidig løysing av kombinert bygg for brannstasjon og teknisk uteavdeling.
Nemnda legg fram si tilråding for kommunestyret seinast i 2.møte etter ferien.

Det vert løyva kr 100.000 eks.mva til ekstern bistand.

Budsjettskjema 2A endrast slik:	Investeringar i anleggsmiddel	+	125.000
	Bruk av lånemidlar	-	100.000
	Kompensasjon for meirverdiavgift	-	25.000
Budsjettskjema 2B endrast slik:			
Nytt prosjekt:	Forprosjekt – renovering/ny brannstasjon	+	125.000

PS 74/19 Kommunalt tilskot til prosjektet "Nyskapande vekst i Nissedal"

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre vedtek å stø prosjektet «Nyskapande vekst i Nissedal» med kr. 350.000 i året i tre år.

Løyvinga vert innarbeidd i budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023.

Formannskapet får fullmakt i den vidare i prosessen med tanke på utlysing av stilling, tilsetting av prosjektleiar, deltaking i styringsgruppa og rapportering.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunestyre vedtek å stø prosjektet «Nyskapande vekst i Nissedal» med kr. 350.000 i året i tre år.

Løyvinga vert innarbeidd i budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023.

Formannskapet får fullmakt i den vidare i prosessen med tanke på utlysing av stilling, tilsetting av prosjektleiar, deltaking i styringsgruppa og rapportering.

PS 75/19 Søknad om økonomisk bidrag til hyttemessa i Sandefjord sept. 2019

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune stør deltaking på hyttemesse i Sandefjord med kr 50.000.

Løyvinga vert tatt av KMD-fondet.

PS 76/19 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap tek referat- og drøftingssakene til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap tek referat- og drøftingssakene til vitande.